



Notat

Gunn Marit Haugsbø

Vår ref.:
25/6674-5

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Gunn Marit Haugsbø

Dato:
02.01.2026

Referat frå SMU ved Naustdal skule 25.11.2025

Deltakarar:

- Kjersti Ingebø Garfors, FAU-leiar
- Kjetil Veien, FAU-nestleiar
- Lukas Huus, nestleiar elevråd 5-7
- Andrina Skagestad Kleppe, elevråd 5-7 (vara)
- Nora Taule Leikanger, leiar elevråd 8-10
- Jill-Therese Ø. Pedersen, elevråd 8-10
- Ove Varlid, kommunal representant
- Laila Bosdal-Thorsen, kontaktlærer for elevråd 5-7
- Hilde Sognnæs Strandos, kontaktlærer for elevråd 8-10
- Turid Gjesdal, representant for andre tilsette
- Gunn Marit Haugsbø, rektor og referent for SMU

Forfall: Aksel Sæbø, leiar elevråd 5-7

Sak nr 1: Elevråda har ordet – kort informasjon om saker elevråda har arbeidd med i haust

Ungdomstrinnet har arbeidd med følgjande saker:

- Hallaktivitetar (aktivitetar i matfriminutt).
- Elevkantina og aktivitetar (t.d. bordtennis - turnering).
- Biblioteket – stilletid for elevar som treng det (matriminutt).
- Saker frå klassane (t.d. dusjforheng i garderobane).

Mellomsteget har arbeidd med følgjande saker:

- Aktivitetsdag før jul (kjekt for alle – inkludering)
- Breiare utval av produkt i frå Skolelyst (produkt frå Tine skulemjølkordning). Elevrådet har sendt søknad til rektor som dei ventar tilbakemelding på.
- Helseveka (veke 6) – idear frå klassane.
- Snøballsone på skulen (blink for dei som ynskjer å kaste snøball).
- Saker frå klassane

Elevråda fekk positiv respons i skulemiljøutvalet for at dei arbeider med mange og varierte saker.

Sak nr 2 – Saker frå FAU

Skjermbruk og smarttelefon

FAU-leiar, Kjersti Instebø Garfors, la fram FAU sitt arbeid og prosessar kring *Smarttelefonfri barndom og Rettleiar for digital kvardag*. Ho formidla at om lag 500 skular er med på aksjonen smarttelefonfri barndom og at om lag 200 skular har fatta vedtak om smarttelefonfri barneskule innan 2030. Eit samla FAU har vedteke at alle barn ved Naustdal skule får ein barndom utan smarttelefon innan 2030. FAU ynskjer at flest mogeleg føresette skal forplikte seg til å utsette at elevane får smarttelefon til dei er ferdige med barneskulen. Kjersti informerte SMU om korleis FAU ser føre seg ein opptrappingsplan der ein startar med 1.-2. klasse.

Ho viste også til den vedtekne rettleiaren for digital kvardag. Rettleiaren er laga med utgangspunkt i spørjeundersøking blant foreldre i Naustdal og med inspirasjon frå prosessen på Vassenden skule. Målet er å redusere digital skjermtid. Dokumentet vert lagt ved referatet og skulen vil lage eit oppslag på heimesida. I møtet vart det vidare drøfta at det er snakk om å lage ein rettleiar for Sunnfjord kommune. Begge elevråda på Naustdal skule arbeidde med innspel til FAU i mars 2025. I felles møte konkluderte elevane med at elevane ynskjer at kvar einskild heim skal bestemme kva som skal gjelde.

I møtet formidla elevane ulike synspunkt, bl.a. at det er viktig at barn ikkje blir for avhengige av skjerm. Dei har ulike erfaringar med mobilbruk og dei understrekar at det er viktig å vere i aktivitet. Det kom også innspel om at ein kan nytte familiekontroll og at det kan bidra til at ein er meir aktiv (fysisk og sosialt).

Kosthandsrettleiar – sunn mat på skulen

FAU-leiar har delteke i elevrådsmøte i veke 47 der ho informerte elevråda om FAU sitt arbeid og utgangspunkt for at FAU no har utarbeidd ein korhaldsrettleiar. Eit samla FAU har vedteke rettleiaren. Kjersti gjekk gjennom deler av presentasjonen i møtet. Det er utarbeidd råd for sunn skulemat ved Naustdal skule i ein kortversjon og ein fullversjon. Utgangspunktet for FAU sitt engasjement er at både tilsette på skulen, elevar og foreldre opplever at det er stor variasjon i kva matpakke elevar har med seg på skulen. FAU har teke utgangspunkt i Helsedirektoratet sine råd.

For å få ei god forankring og felles forståing for korleis ein kan følgje opp rettleiaren, er det viktig at elevane får følgje opp saka i klasseråd og i elevråda. Saka vil såleis komme attende til SMU. Dokumenta frå FAU følgjer som vedlegg til referatet.

Under saka kom det også fram ulike synspunkt og idear frå elevane:

- Kald frukt i staden for is.
- Syns det bør vere lov med godteri i nokre samanhengar (siste skuledag og tentamen).
- Forståing for at FAU (foreldre) vil det beste.
- Nokre sjukdommar er særleg påverka av sukker.
- Usunn mat er billegare enn sunn mat. Slik burde det ikkje vere.
- Elevar treng ulike ting – kan vere vanskeleg å godta at elevar treng ulike ting (for å komme i gang).
- Siste skuledag – aktivitetar
- Burde vere litt greitt med litt godteri siste skuledag; eller kanskje berre før jul?
- Ynskjer breiare utval av sunne matvarer i kantina; dette arbeider elevråda vidare med.

Ove Varlid, som også representerer Tambarskjelvar i ulike samanhengar, ville ta med seg innspela i saka tilbake til idrettslaget. Til dømes har Tambarskjelvar eit vedtak om at ei ikkje skal selje brus i kiosken.

Sak 3 - Budsjett og økonomi

Rektor orienterte kort om korleis dei økonomiske utfordringane i Sunnfjord kommune påverkar kvardagen i skulen. Det er krevjande å stå i unntakstilstand over tid. Dei tilsette gjer ein stor innsats for å ta i vare elevane så god som mogeleg. Naustdal skule er ikkje direkte påverka av skulestrukturvedtaka, men alle skular (og einingar) i Sunnfjord er pålagde tiltak som påverkar kvardagen.

Referent for SMU

Gunn Marit Haugsbø
Rektor

Vedlegg:

[Rettleiar for digital kvardag](#)